




# Bergen - Olsvikåsen VGS



Vestland  
fylkeskommune

## Bakgrunn

Olsvikåsen videregående skole hadde 10-årsjubileum i 2016. Skulebygget er flott og funksjonelt og har ei sentral plassering i bydelen, men ligg likevel så tilbaketrekt at ein oppnår ei campusoppleveling.

Skulen blei opphavleg bygd for 460 elevar, og rommar i dag om lag 580 elevar og nær 100 tilsette. Skulebygget er difor «trongbudd», og vi har ved nokre høve måtte gjere avtale om å låne øvingslokale i Olsvik kirke. Skuleanlegget er utbygd med utandørs nærmiljøanlegg med basketballbane og treningsareal. Elles er det for det meste asfalt og betong på arealet der elevar og tilsette ferdast. Vi grensar mot eit skogholt på sør- og vestsida av bygget, og på eit nært utilgjengeleg område på østsida er det grøne områder med gode soltilhøve. I dag er det ikkje mogleg å forflytte seg utandørs rundt skuleanlegget i rullestol eller ved nedsett gåfunksjon. Med unntak av nærmiljøanlegget har vi ikkje funksjonelle uteområde som stimulerer til fysisk aktivitet for elevar med redusert rørslekapasitet.



**Visjon: Opne opp og knyte saman**

Bergen kommune har etablert områdesatsing i Loddefjord og Olsvik. Hovudmålet i programmet er å betre fysiske og sosiale forhold og bidra til å motverke sosial ulikskap. Vi ser at ein gjennom nyskapande aktivitetsanlegg kan få til eit samarbeid med lokale aktørar, og på den måten vere med på å bidra til meir velferd og jamne ut levekårsskilnader i nærmiljøet. Eit anlegg som skaper møteplassar og inviterer barn og unge i nærområdet til fysisk aktivitet vil vere eit viktig supplement. Vektlegging av arkitektur av høg standard og funksjonalitet vil vere med på å løfte eit uteområde som i dag er prega av asfalt og biloppstilling.

I Olsvikområdet ligg det mange lågblokker. Her er eit lite senter med butikkar og helsetenester og her er barneskule og barnehage. Olsvik kyrkje er kjent som kulturkirke og vert nytta til ulike tilbod til alle aldersgrupper. Skulen sitt nærmiljøanlegg er mykje nytta. Skogen bak skulen er eit mykje til tur, og særleg hundelufting. På kveldstid er det ein del ungdom som nyttar uteområdet som tilhaldsstad for illegal aktivitet og Utekontakten er difor knytt til området.

Som skule veit vi at læring og identitetsutvikling heng saman og at gode relasjonar er viktig både for fagleg utvikling og personleg vekst. Ynskje vårt er difor å etablere eit mangfold av gode møtestadar for uorganisert aktivitet for elevar og tilsette, men også for beboarar i nærmiljøet, gjennom heile året.

